




Giske kommune
Historisk og framtidsretta

ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINJER FOR GISKE KOMMUNE 2022 – 2028

Forvaltning og handheving av alkoholova



Vedtak: Giske kommunestyre, k-sak 59/2022

Innhald

1	Alkohollova – føremål (§1-1)	2
2	Lovverk	2
3	Retningslinjer for forvaltning av alkohollova i Giske kommune.....	3
3.1	Vilkår knytt til sals- og skjenkeløyve.....	3
3.1.1	Salsbevilling for Vinmonpoliet AS.....	4
3.1.2	Ølsal i butikk	4
3.1.3	Skjenkeløyve ved skjenkestader	4
3.1.4	Skjenketider i Giske	5
3.2	Definisjonar – driftskonsept for skjenkestader	5
3.3	Rusfrie arrangement.....	6
3.4	Skjenking utandørs	7
3.5	Ambulerande skjenkeløyve og skjenking ved einskilde høve	7
3.6	Omsyn ved saksbehandling av søknader om sals- og skjenkeløyve.....	7
3.7	Gebyr, kontroll, reaksjonar.....	8
3.7.1	Generelt.....	8
3.7.2	Gebyr for sal og skjenking	8
3.7.3	Kontroll med sals- og skjenkeløyve	9
3.7.4	Rettleiande reaksjonsmønster ved brot på lov og forskrift	10
3.7.5	Inndraging, prikktildeling:.....	10
3.8	Delegering av mynde i Giske kommune.....	10
3.8.1	Generelt om delegering.....	10
3.8.2	Delegering av mynde i saker etter alkohollova	11
4	Vedlegg: RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV AMBULERANDE SKJENKELØYVE.....	14

1 Alkoholova – føremål (§1-1)

”Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.”

2 Lovverk

Følgjande lovverk står sentralt ved forvaltning og handheving av alkoholova:

- LOV 1989-06-02 nr 27: Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholova) legg retningslinjer for forvaltning og handheving av sal og skjenking av alkohol. Føremålet er å avgrense de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere.
- FOR-2005-06-08-538: Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.
- Kommentartutgåve: Håndbok i alkoholoven m.v. - Rundskriv IS - 5/2008 – Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.

Her følgjer utdrag frå alkoholova:

Definisjonar (§ 1-3):

- alkoholholdig drikk **gruppe 1**: drikk med meir enn 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- alkoholholdig drikk **gruppe 2**: drikk med meir enn 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- alkoholholdig drikk **gruppe 3**: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

Aldersgrenser (§1-5):

- Gruppe 1 og 2: 18 år
- Gruppe 3: 20 år

Alkoholpolitisk handlingsplan (§1-7d):

Kommunen skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Løyveperiode (§1-6):

Kommunen gjev løyve til sal og skjenking av alkohol. Løyve i gruppe 2 og 3 kan gjevast for inntil fire år ad gangen, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Tildeling av løyve (§ 1-7):

Før kommunestyret eller den dei gjev mynde til, avgjer løyve, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politiet. Det kan og hentast uttale frå skatte- og avgiftsmyndigheitene.

Ved vurdering av om løyve skal gjevast kan kommunen legge vekt på bl.a.:

- Tal på sal- og skjenkestader
- Staden sin profil og plassering
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige tilhøve
- Næringspolitiske omsyn
- Omsynet til lokalmiljøet elles

Kommunen kan og bestemme om det skal setjast tak på tal på løyve til sal eller skjenking.

Kommunen skal ha kontroll med sine sals- og skjenkeløyve. Ved brot på vilkåra for løyvet, kan kommunestyret eller den med delegert fullmakt, inndra løyvet, jf. reglar i alkoholforskrifta om prikktildeling.

Løyvehavar og personar med stor verknad på drifta skal ha plettfri vandel i høve til lovgjeving som har samband med alkohollova sitt føremål, skatte- avgifts- og rekneskapslovgivinga. Slike omsyn skal ikkje vere eldre enn 10 år.

Styrrar og vara (§1-7c):

Kvart løyve skal ha ein godkjent styrrar med vara over 20 år som er tilsett på sals- eller skjenkestaden eller arbeide ved verksemda. Desse må ha fullført kunnskapsprøva i alkohollova og serveringslova. Krav til kunnskapsprøve gjeld ikkje ved tildeling av ambulerande løyve eller ved løyve for eit enkelt høve.

Tid for sal og skjenking av alkohol (§4-4):

Skjenking av alkohol i gruppe 3 kan skje frå kl. 13:00-24:00. Skjenking av anna alkoholgruppe kan skje kl. 08:00-01:00. Kommunen kan innskrenke og utvide opningstidene. Skjenking i gruppe 3 er forbode kl. 03:00-13:00. Skjenking av alkohol i gruppe 1-2 er forbode mellom kl. 03:00-06:00.

Ambulerande løyve (§4-5):

Kommunestyret kan gje ein eller fleire løyver som ikkje er knytt til person eller skjenkestad.

3 Retningslinjer for forvaltning av alkohollova i Giske kommune

3.1 Vilkår knytt til sals- og skjenkeløyve

Giske kommunestyre har gjennom samfunnsdelen i kommuneplanen ([her](#)) for Giske kommune og alkoholpolitiske retningslinjer for Giske kommune fastsett gjeldande

retningslinjer for forvaltning av alkohollova i Giske kommune i butikkar og ved spise- og skjenkestadar.

3.1.1 Salsbevilling for Vinmonpoliet AS

Det er opning for etablering av filial for Vinmonopolet AS i kommunen.

3.1.2 Ølsal i butikk

Salsløyve for øl

Løyve er gitt for inntil fire år. Den som har fått løyve til sal av øl, plikter å sjå til at den som sel øl og den som øl blir selt til er fylt 18 år. Sal og utlevering av øl skal gå føre seg på ein slik måte at skadeverknadene blir avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir ivaretekne. Sal og utlevering av øl må ikkje skje til person som er rusa. Kommunestyret pålegg daglegvarebutikkane å få til ei skjerming av ølsalet.

For at ovanstående omsyn skal bli ivaretatt på ein tilfredsstillande måte, har Giske kommunestyre vedtatt følgjande:

Salstid for øl i butikk

Salstid for øl i butikk er frå kl. 08:00-20:00 (kl. 18:00 før søn- og heilagdagdar). Dette gjeld ikkje dagen før Kristi himmelfartsdag, jf. § 3-7 i alkohollova. Dette tilsvarar maksimaltida i alkohollova. Ølet skal vere gjennom kassaapparatet før kl. 20:00 på kvardagar og kl. 18:00 på dagar før søn- og heilagdagdar.

3.1.3 Skjenkeløyve ved skjenkestader

Skjenkeløyvet ved skjenkestadene i Giske kan gjelde ein, fleire eller alle typar alkoholhaldige drikker, jf. § 4-2. Skjenkeløyvet kan omfatta desse kombinasjonane:

- alkoholhaldig drikk gruppe 1: drikk med meir enn 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- alkoholhaldig drikk gruppe 2: drikk med meir enn 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- alkoholhaldig drikk gruppe 3: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

Det skal ikkje innvilgast løyve til skjenking av sterkøl, noko ein grunngir med edruskapsmessige omsyn.

Opningstider ved serveringsstader

Alle skjenkestader må også ha serveringsløyve. Serveringslova § 15 seier at det er opp til kommunen ved eigen forskrift å bestemme opningstid for serveringsstaden, elles kan ein halde opent så lenge ein vil med unntak i lovverket om heilagdagsfred. Opningstid og skjenketid bør vere samstemt. Det er ikkje høve å skjenke alkohol seinare enn 30 min. før stengetid.

Maksimale opningstider for serveringsstader i Giske er sett til:

- bensinstasjonar og kioskar: Inga avgrensing i opningstid med unntak sett i alkohollova og i lov om heilagdagsfred
- kafear, restaurantar, pubar og diskotek: kl. 06:00-04:00

MERK: Andre tider gjeld for skjenketid enn mogleg opningstid.

3.1.4 Skjenketider i Giske

Følgjande skjenketider gjeld for Giske kommune (både ved faste, tidvise og ambulerande løyve):

Gruppe 1 og 2 kl. 06:00-02:00

Gruppe 3 kl. 13:00-02:00

Dersom ein gjev løyve til å skjenke vin eller brennevin, må ein også gje løyve til å skjenke svakare alkoholhaldig drikk. Ved vurdering om løyve bør gjevast, skal det leggjast vekt på kva type verksemd det er, lokalisering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Føresetnaden for løyve til pubar/barar/diskotek er at aldersgrensa for tilgjenge til staden blir sett til 18 år når det gjeld stader med skjenking av øl og vin og 20 år der det er skjenking av brennevin i tillegg.

3.2 Definisjonar – driftskonsept for skjenkestader

Søklar skal presentere eit driftskonsept, og driftskonseptet kan ikkje fråvikast utan at det blir søkt om nytt løyve. Ein tenkjer her på verksemder som presenterer eit konsept der det inngår servering av mat frå eige kjøken, og som etter ei tid endrar konseptet på ein måte som gjer at skjenking av alkohol blir meir vesentleg enn det som det i utgangspunktet var lagt opp til.

Restaurant

Ein restaurant har servering ved borda, kjøkken og ein meny i eit visst omfang med bl.a. varme middagsrettar. Det er ikkje spesielle krav til aldersgrense. Slike skjenkestader bør kunne få løyve til å skjenke øl, vin og brennevin.

Kafé

Vanlegvis inga servering ved borda, og mattilbodet omfattar ikkje alltid varm mat. Ingen krav til aldersgrenser. Slike verksemder kan få skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til slutta lag, men det skal ikkje gis alminneleg skjenkeløyve. Vidare at kafear kan få alminneleg skjenkeløyve for øl og vin, og i samband med slutta selskap kan løyvet også omfatte brennevin.

Pubar og diskotek

Andre skjenkestader omfattar pubar, diskotek og nattklubbar. Pubar skal ha tilbod om matsservering, t.d. i form av à la carte meny. Stader som ynskjer å ha 18 års aldersgrense, kan få løyve til øl og vin. Verksemdar som ynskjer å ha 20 års aldersgrense, kan få løyve til å servere brennevin. Aldersgrensene blir å ta inn i vedtaka som eit eige vilkår.

Det vil då vere eit brot på vilkåret dersom 16 – 17 åringar får tilgjenge til lokale med skjenkeløyve for øl og vin, uavhengig om desse blir skjenkt alkohol eller ikkje. Det same gjeld for personar under 20 år på skjenkestader med brennevin. Slike brot kan føre til at løyvet blir inndradd.

Kravet om aldersgrense gjeld så lenge lokalet er eit skjenkelokale. Dette medfører at det ikkje kan arrangerast tilstellingar for gjester under aldersgrensene, og gjeld sjølv om det ikkje skal skjenkast alkohol ved eit konkret arrangement. Slike vedtak fører til auka krav til å kontrollere kven som får tilgjenge til skjenkestaden. Ansvar for forsvarleg vakthald i lokala og ved inngangen til lokala, kviler på løyvehavar. Dersom det blir arrangert selskap for slutta lag i verksemda eller alkoholfrie arrangement, vil det ikkje vere aldersgrenser ved tilstellinga (jf. k-sak 088/01).

Ungdomsdiskotek

Ungdomsdiskotek har stort sett eit ungt publikum og skal ikkje ha skjenkeløyve.

Idretts- og samfunnshus

Samfunns- og idrettshusa blir nytta til ymse tilstellingar i lokalsamfunna, m.a. tilskipingar for ungdom. Husa blir også leigde ut til selskapslokale i samband med bryllaup og jubileum. Det skal ut frå generelle edruskapsomsyn ikkje innvilgast ambulerande skjenkeløyve til ungdomsarrangement i samfunns- eller idrettshusa. Dersom det blir gitt ambulerande løyve, skal aldersgrensa setjast til 20 år. Som hovudregel skal samfunns- og idrettshusa vere alkoholfrie, men det kan innvilgast ambulerande løyve for skjenking av øl, vin og brennevin når husa blir leigd ut til bryllaup og jubileum.

3.3 Rusfrie arrangement

Rusfrie arrangement bør ikkje lokaliserast til skjenkestadene fordi det ikkje bør opparbeidast ei tilknytning mellom skjenkestadene og ungdom under 18 år. Det er viktig at slike arrangement blir lagt til lokale som kan knytast til eit totalt rusfritt miljø. Her må kommunen vere villig til å stille lokale til rådvelde, t.d. Giske kommunale idrettshall, Godøy idrettshall og Frivillegsentralen.

Alminneleg skjenkeløyve kan ikkje påreknast i følgjande situasjonar/område:

- Serveringsstader i tilknytning til idrettsanlegg, idrettshallar, barn og unge sine fritidsaktivitetar mv.
- Serveringsstader som ligg like ved skular og barnehagar
- Ved tilskipingar der ein stor del av målgruppa er barn og unge under 18 år
- I byggjefelt
- Campingplassar

- Serveringsverksemdar som ligg oppe til i kjøpesenter og som er samlingsstad for barn og unge

Sjå også avsnitt 2.2 om ungdomsdiskotek, idretts- og samfunnshus.

3.4 Skjenking utandørs

Frå tid til annan vil det bli søkt om skjenking ute, t.d. på terrasse i tilknytning til skjenkearealet. Det kan ikkje utformast generelle reglar på dette området. Ved behandling av søknaden skal følgjande tilhøve leggast vekt på:

- Lokalisering av skjenkestaden
- Om skjenking ute vil føre til uro for naboar og andre i nærområdet
- Kontrollomsyn – er det mogleg å avgrense skjenkearealet
- Storleik og utforming på skjenkestaden som kan gjere det vanskeleg for personalet å halde oversikt og vanskeleg for kommunen å drive effektiv kontroll

Når det gjeld utandørs servering skal det leggast vekt på kva type nærmiljø skjenkestaden er lokalisert i. Bustader skal skjermast med tanke på eit rusfritt miljø for barn og ungdom under 18 år. Vidare skal det leggast vekt på behovet for nattero i område der det bur folk.

3.5 Ambulerande skjenkeløyve og skjenking ved einskilde høve

Det kan gjevast ambulerande skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til slutta selskap, jf. § 4-5. Ambulerande løyve er tenkt nytta ved bryllaup, jubileum og liknande tilskipingar. Maksimalt tal på løyve for ein periode er 80.

Med slutta lag er det meint at før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krets av personar, som kjem saman for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Løyvet kan utøvast på stader som blir godkjende for eit enkelt høve. Løyve til å skjenke brennevin blir berre gitt saman med løyve til skjenking av øl og vin. Det er ikkje noko krav at det skal innhentast uttale frå politiet og sosialsektoren før løyvet blir gitt.

Det bør kunne gjevast sals- og skjenkeløyve for ein viss del av året, eller for eit enkelt høve, jf. § 1-6 i alkohollova. Skjenkearealet bør også kunne utvidast for eit bestemt høve. Normaltid for sal og skjenking skal gjelde i slike saker.

3.6 Omsyn ved saksbehandling av søknader om sals- og skjenkeløyve

Med heimel i § 1-7a i alkohollova kan kommunen leggje vekt på fleire omsyn når det skal tildelast sals- eller skjenkeløyve. Det kan mellom anna leggast vekt på talet for sals- og skjenkestader, lokalisering, målgruppe, kva type verksemd det er, trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn samt omsyn til lokalmiljøet. Vilåret må ha sakleg samanheng med det løyvet som blir gitt, t.d. skal det fremje føremålet med alkohollova, lette kontrollen eller redusere skadeverknadene ved sal av alkoholhaldig drikk.

Avgjersler av søknader om løyve byggjer på skjønn, med vide rammer for kva for omsyn ein kan leggje vekt på. § 1-7a nemner eit utval av dei vanlegaste momenta, men opprekninga er ikkje fullstendig. Generelt kan ein seie at alle omsyn som fremjar føremålet med alkohollova,

er relevante. Ein kan også til ein viss grad leggje vekt på andre omsyn enn dei som direkte fremjar føremålet med lova. Men avgjersla må takast på sakleg grunnlag. Kommunen står svært fritt når det gjeld å ta færre omsyn, dvs. å praktisere eit snevrare skjønns enn lova gjer. § 1-7a er med andre ord ikkje ei opprekning av omsyn som kommunen pliktar å leggje vekt på. Vilåret må ikkje vera urimeleg tyngjande eller urimeleg av andre grunnar. Det er ein samanheng mellom desse to krava: Dess klarare vilåret fremjar føremålet med lova, dess tyngre vilkår kan ein akseptere.

Når det gjeld skjenkestader som er lokalisert i nærleiken av bumiljø, må det også takast omsyn til natteroa. Differensierte skjenketider vil føre til at folk flyttar seg mellom skjenkestadene, og at skjenkestadene med utvida skjenketid får eit konkurransefortrinn. Dersom det likevel blir gjort vedtak om å utvide skjenketidene ut over normaltida, vil ein tilrå at skjenketida blir knytt til kva type verksemd/konsept det er, og at kommunen opprettheld like skjenketider for alle pubar, spiserestaurantar osv. Skjenketid skal vere avslutta seinast 30 minutt før stengetid. Det er ikkje lov til å konsumere alkohol i lokalet meir enn 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

Der matsservering er ein vesentleg del av konseptet, bør det kunne innvilgast skjenkeløyve. Nyetableringar må presentere eit konsept som viser at alkoholhaldige drikkevarer ikkje er den mest vesentlege del av tilbodet. Når mattilbodet inngår i konseptet kan det ikkje takast vekk utan at det blir søkt på nytt.

Universell utforming

Alle bygg som skal vere offentleg tilgjengelege skal vere universelt utforma jf. TEK17 § 12-1 (2).

3.7 Gebyr, kontroll, reaksjonar

3.7.1 Generelt

Kommunen skal med heimel i alkohollova § 7-1 fastsetje gebyr for sals- og skjenkeløyve. Kapittel 11 i forskrifta tek for seg utrekningsmåten og minstegebyret. Minstegebyret skal sikra kommunen ei viss dekning av utgifter til behandling av søknader og kontroll.

3.7.2 Gebyr for sal og skjenking

Det skal betalast gebyr for sal og skjenking fastsett i forskrift til alkohollova. Storleiken på gebyra skal utreknast i høve dei til ei kvar tid gjeldande maksimalsatsar fastsett i forskrift til alkohollova. Minste gebyrsatsen som skal betalast er minstegebyret, uansett når på året løyvet blir gitt. For skjenkebevilling for enkelt høve blir det vedtatt eigen sats.

Bevillingsgebyret for sal og for skjenking er fastsett i lov. Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlege høve bestemme at gebyret skal settast lågare. Gebyret skal først og fremst dekkje dei utgiftene kommunen har til kontroll med sals- og skjenkeløyva, men inntektene kan også nyttast til å dekkje kommunen sine utgifter til saksbehandling samt førebyggjande tiltak.

Løyvehavar skal innan 31.03. kvart år sende inn oppgåve over forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk på det elektoniske skjemaet til kommunen. Gebyret skal betalast på forskot for eitt år i gongen. Kommunen sender faktura.

Ved utgangen av året skal løyvehavar sende inn oppgåve som er stadfesta av revisor over faktisk omsett mengd alkohol. Dette for å sikre eit objektivt grunnlag for innbetaling av kommunal alkoholavgift. Dersom det føreligg avvik, vil kommunen foreta etterberekning og etteroppgjær.

3.7.3 Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Den kommunale kontrollen med sals- og skjenkeløyve er avgjerande for ein god alkoholpolitikk. Kontrollen med korleis løyvet blir brukt, er svært ofte eit effektivt verkemiddel mot dei vanlegaste problema rundt alkoholomsetning, slik som overskjenking, vald og fyll på offentlege stadar.

Formannskapet har ansvar for kontrollen med kommunale sals- og skjenkeløyve. I tillegg til å gi reaksjon ved brot på alkohollova eller andre lover som har samanheng med formålet til alkohollova, skal formannskapet sjå til at kontrollverksemda blir fylgt opp på ein tilfredsstillande måte. Spørsmålet om inndraging av sals- og skjenkeløyve skal avgjerast av formannskapet.

Kommunen har for tida avtale med Securitas AS om kontroll, og det blir føretatt kontrollar utan at verksemda er varsla på førehand. Etter gjeldande avtale skal kontroll utførast minimum tre gonger i året, men det kan også gjerast avtale om ekstra kontrollar. Kontrollen kan utførast både ope og anonymt. Seinast ved avslutning av kontrollbesøket skal kontrollørane presentere og legitimere seg overfor den som har ansvaret på staden.

Kontroll av sals- og skjenkestader skal omfatte:

- føre tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet og dei kommunale retningslinjene elles

Skjenkekontrollen i kommunen bør først og fremst legge vekt på å kontrollere:

- sals- og skjenketidene
- aldersgrense-reglane
- om det blir selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar
- rettleie løyvehavarane om føresegnene i alkohollova og eventuelle lokale forskrifter
- leggje grunnlag for sanksjonar, t.d. inndraging, dersom lov, vilkår eller retningslinjer blir brotne
- at reklameforbodet blir halde
- omsetning av narkotika på skjenkestadene
- konsum av alkohol som er tatt med skjenkestadene

Kontrollørane skal utarbeide skriftleg rapport om kontrollbesøka. Seinast ei veke etter at kontrollbesøket er føretatt, skal rapporten sendast til løyvehavar som får to veker på seg til å eventuelt å kommentere rapporten

3.7.4 Rettleiande reaksjonsmønster ved brot på lov og forskrift

Alkoholova gjev løyvestyresmaktene høve til å inndra eit løyve etter § 1-8 dersom ein løyvehavar bryt føreseger i alkoholova. Kommunen kan og melde brotet. Generelt sett er løyvehavar ansvarleg for at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk går føre seg på ein slik måte at skadeverknadene blir avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir ivaretatt på best mogleg måte. (jf. alkoholova § 1-1).

§ 1-8 i alkoholova regulerer tilhøve der det er høve til å inndra sals- eller skjenkeløyve for eit tidsrom eller for resten av perioden løyvet var gitt for. Det er hovudsakleg brot på alkoholova som gir grunnlag for inndraging av kommunale løyve. Dette gjeld ikkje berre det som er fastsett og knytt til sal og skjenking. Andre brot på reglane i alkoholova, som for eksempel reklameforbod og manglande innbetaling av gebyr, er i utgangspunktet inndragingsgrunn. Det same gjeld også narkotikaomsetnad på skjenkestaden.

3.7.5 Inndraging, prikktildeling:

Alkoholforskrifta §§ 10-1 til 10-7 gir nærare reglar om inndraging av bevillingar etter alkoholova § 1-8 første og andre ledd. Forskrifta blei endra med verknad frå 2016. Det blei innført reglar om prikktildeling og inndraging. Gjeldande regelverk seier at det skal bli gitt frå ein til åtte prikkar alt etter som kor alvorleg brot på regelverk som blir utført. Dersom bevillingshavar i løpet av ein perioden på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal bevillinga bli inndradd for eit tidsrom på ei veke. Dersom det blir tildelt fleire enn 12 prikkar i løpet av to-årsperioden, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande. Jf. forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

Ambulerande skjenkeløyve:

Ved brot på vedtektene der det er gitt ambulerande skjenkeløyve vil løyvehavar ikkje kunne få nytt løyve i løpet av dei inntil seks månadar. Ved gjentatt brot kan løyvehavar misse retten til ambulerande skjenkeløyve for inntil tre år.

3.8 Delegering av mynde i Giske kommune

3.8.1 Generelt om delegering

Vedtak som i samsvar med alkoholova kan delegerast til formannskapet, faste utval og kommunedirektøren:

- skifte av styrar og avløyssar
- inndraging av løyve
- tildeling av ambulerande løyve etter § 4-5 og løyve for eit einskilt høve etter § 1-6
- utviding av skjenketid for eit einskilt høve
- utviding av skjenkelokale for eit einskilt høve
- fastsetjing av gebyr for løyve
- vedtak om å avslå søknad om løyve når taket på talet på sals- og skjenkeløyve er nådd

Desse vedtaka kan berre delegerast til formannskapet:

- tildeling av løyve, medrekna tildeling av løyve for ein viss del av året, etter § 1-6
- tidsavgrensingar for sal og skjenking
- omgjerjing av løyve med fastsetjing av nye vilkår

Løyvesystemet er eit viktig alkoholpolitisk instrument. Derfor skal kommunestyret, som det øvste politiske organet i kommunen, gjere dei fleste vedtak etter alkohollova.

Det er avgrensa høve til å delegerere mynndet til å gjere slike vedtak. Ein rår til at det blir lagt til rette for ei maksimal delegering slik at det kan etablerast rasjonelle saksbehandlingsrutinar.

Alkoholpolitisk handlingsplan skal behandlast av kommunestyret, og planen er eit styringsverktøy for alkoholpolitikken i planperioden.

3.8.2 Delegering av mynde i saker etter alkohollova

Jf. delegeringsreglement for Giske kommune:

A. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - jf. kommunelova § 5-3 (her).

Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar i alkohollova:

- § 1-6, Bevillingsperioden
Gje bevilling for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk for ein bestemt del av året etter 2. ledd, siste setning i paragrafen.
- § 1-7d, Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan
Vedta alkoholpolitisk handlingsplan.
- § 1-7, Bevilling for salg og skjenking 1.ledd:
Gje skjenkebevilling eller løyve til sal av alkoholhaldig drikk for gruppe 2 og 3 for ein periode på inntil 4 år om gongen – jf. § 1-6, 1. ledd. Tilsvarende gjeld for skjenkebevilling eller løyve til sal av annan alkoholhaldig drikk for ein periode på inntil 4 år – jf. § 1-6, 2. ledd.
- 5. ledd: Delegerer mynde til å gje skjenkebevilling til interkommunal samanslutning.
- § 3-3, Fastsettelse av antall salgsbevillinger for AS Vinmonopolet

Fastsetje det høgste tal på salsbevillinger for AS Vinmonopolet innan kommunen og godkjenne kor desse skal etablerast i kommunen.

- §§ 3-7 og 4-4, Tidsinnskrenkingar/-utvidingar for sal/skjenking

Vedta tidsinnskrenkingar/-utvidingar for sal og skjenking etter desse reglane. Unntak gjeld vedtak for utvida skjenketid for eit enkelt høve som er delegert til formannskapet – sjå nedanfor.

- § 7-1, Bevillingsgebyrene

Vedta betalingsregulativ for sal/skjenking av alkoholholdig drikk.

B. Delegering frå kommunestyret

- - Jf. § 1-6, 2.ledd, Bevillingsperioden, i lova

Kommunedirektøren gjev bevilling for skjenking av alkoholholdig drikk for eit enkelt høve i saker som blir rekna for å vere kurante. Formannskapet gjev bevilling for skjenking av alkoholholdig drikk for eit enkelt høve i saker som ikkje blir rekna for å vere kurante.

- - Jf. § 1-7c, Styrer og stedfortreder, i lova

Kommunedirektøren godkjenner styrar og avløyssar etter denne paragrafen. Tilsvarande gjeld også å gjere unntak frå kravet om avløyssar.

- - Jf. § 1-8, Inndraging av sals- og skjenkebevillingar, i lova

Formannskapet gjer vedtak om inndraging av bevilling dersom vilkåra etter § 1-7b ikkje lenger er oppfylte, eller dersom bevillingshavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova/forskrifter gjevne i medhald av denne lova. Det same gjeld ved brot på reglar gjevne i medhald av anna lov når desse har samanheng med formåla i alkohollova. - Jf. § 1-9, Kontroll med sals- og skjenkebevillingar, i lova

Kommunedirektøren fører kontroll med kommunale bevillingar.

- - Jf. § 4-2, 4.ledd, Omfanget av bevillinga, i lova

Formannskapet gjev løyve til utviding av bevilling til å gjelde utanfor skjenkestaden ved eit enkelt høve.

- - Jf. § 4-4, 3.ledd, Tidsinnskrenkingar for skjenking av alkoholholdige drikker, i lova

Formannskapet gjer vedtak om utviding av skjenketida ved eit enkelt høve.

- - Jf. § 4-5, ambulerande skjenkebevilling, i lova

Kommunedirektøren gjev løyve til å nytte ambulerande skjenkebevillingar gjevne av kommunestyret etter denne paragrafen.

- - Jf. § 5-2 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (om kunnskapsprøver)

Kommunedirektøren gjennomfører kunnskapsprøver etter denne paragrafen.

- - Jf. § 6-1 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (om bevillingsgebyr)

Kommunedirektøren fastset bevillingsgebyr i det enkelte høve i samsvar med regulativ vedteke av kommunestyret, og kap. 6 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. Jf. forskrift til § 7-1: Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

- - Jf. § 9-1 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (kontroll med skjenkestadane)

Kommunedirektøren gjennomfører kontroll etter denne paragrafen (kan bruke eksterne kontrollører).

- - Jf. § 9-3 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (opplæring kontrollører)

Kommunedirektøren gjennomfører opplæring etter denne paragrafen.

C. Klage

Statsforvaltaren er klageorgan for kommunale enkeltvedtak gjorde etter lova med tilhørende forskrifter. Jf. alkohollova § 1-16.

D. Rapportering

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterst til formannskapet. Fastsetting av bevillingsgebyr i samsvar med betalingsregulativet blir ikkje rapportert. Vedtak gjorde av **formannskapet** etter delegert mynde skal rapporterst til kommunestyret.

4 Vedlegg:

RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV AMBULERANDE SKJENKELØYVE

1. Giske kommune har 80 ambulerande skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for gjeldande periode. Løyve til brennevin kan berre gjevast dersom det også blir gitt løyve til øl og vin
2. Ambulerande skjenkeløyve kan berre gjevast til skjenking ved slutta lag, jf. alkoholova § 4-5
3. Søknad om ambulerande skjenkeløyve skal sendast til Giske kommune minst 14 dagar før tilskipinga skal finne stad
4. I utgangspunktet tenkt brukt ved bryllaup, jubileum og liknande arrangement med eit bestemt formål, (lukka arrangement)
5. Det bli ikkje gitt ambulerande løyve til kommunale bygg med unntak av kommunale kulturhus, Giske rådhus og Giske omsorgssenter
6. Søknaden må innehalde opplysningar om kven som skal stå som arrangør og kva tilstelling løyvet gjeld for, type alkoholhaldige drikke det blir søkt om løyve for og skjenkestad, dato og tidsrom (klokkeslett) for løyvet. Kommunen sitt søknadsskjema skal nyttast
7. Kommunedirektøren har avgjerdsmynde ved søknader om ambulerande løyve
8. Søknader om tildeling av ambulerande skjenkeløyve skal behandlast etter reglane i alkoholova og forvaltningslova. Avslag på søknad skal grunngjevast. Det er klagerett på vedtaket. Klage skal gå via formannskapet. Statsforvaltaren er klageinstans, jf. alkoholova § 1-16
9. Skjenkeløyvet blir gitt for kvart einskild høve. Dei som får tildelt løyve er pliktige til å rette seg etter det som går fram av alkoholova når det gjeld skjenking og kontroll. Brot på dette vil føre til at nye løyve ikkje blir gitt
10. I medhald av gjeldande forskrift til alkoholova blir det kravd gebyr. Forskriftene i alkoholova regulerer til ei kvar tid storleiken på gebyret. For tida er gebyret på kr 400
11. Gebyret må vere innbetalt før løyvet kan vere gyldig. Ved kontroll må betalt gebyr visast fram
12. Kontrollutvalet i kommunen har ansvar for kontroll med dei ambulerande skjenkeløyva. Vedtak om ambulerande løyve skal sendast kontrollør-organ for mogleg oppfølging og kontroll
13. Vedtak k-sak 055/04, endring i k-sak 165/11, endra i k-sak 082/12, endra i k-sak 068/15 og endra i k-sak 59/22